

Basmusjul

og andre historier

Jul i stovo VII



Julehefter og Juleminner

Nokre minne kjem av dei minste og tilsynelatande ubetydelege hendingar. Hos meg er juleheftet under treet eit av dei gode minna. Det kan høyrast rart ut, men hefta med Knoll og Tott, FinbeCk og Fia og Snøfte Smith er noko eg ikkje klarer meg utan. Eg var ein dårleg lesar då eg var liten. Eg hugsar godt i femte klasse då eg klarte å lesa ferdig ein heil tekst og forsto kva som stod der. Eg har dysleksi. I dag har eg funne måter å koma gjennom tekst på. Då eg var liten, var det ikkje slik. Det eg lærte å lesa av, var teikneserier og ikkje minst julehefte. Og no når eg er blitt vaksen, er eg frameis like glad i teikneserier og julehefte. No kan eg til og med lesa bøker. Eg har til overmål skrive eit par. Å lesa bøker, teikneserier og julehefte er ofte ein ting å gjera aleine, men det er og noko felles ein kan oppleva. Eg har mange venner eg diskuterer det eg les med. Eg håper dette heftet kan bli noko de kan dela med andre. Med ønske om gode leseopplevingar ønskjer eg dykk ei



God jul fra Vidar

Mumle Basmus feirer basmusmesse

Av Vidar Bratlund-Mæland

Mumle Basmus har vore i skogen og funne seg ein busk. Du som kjenner kalenderen er kanskje ikkje så overraska, det er jo jul. For Mumle er det meir enn jul. Det er Basmusmesse, og det er stor stas.



Mumle pynter busken så fint han kan. Og som du kan sjå, blir det fint. Du undrast kanskje på kvifor Basmusmesse er så viktig for basmusane, meir enn at det er ei slags jul? Det har seg slik at Basmusane er sjeldne, og dei møtes kun når dei finn ein make og så på Basmusmesse. Det er fyrste året Mumle er vert for ei messe.



Alt i januar fekk Mumle tilsendt pelsen til tipp tipp grandonkel Putter. Han vart farga raud og kvit etter hans død. Det har vore ein tradisjon at verten går i den når han severer for gjestene.

Det har vore slik i fem generasjoner, sidan den forrige pelsen av tipp tipp grandonkel Mulle vart eten opp av ein rev ei basmusmesse mange år tilbake. Trist var det og at verten det året var inne i pelsen på det aktuelle tidspunktet.



Mumle venter i forventning på gjestene. Han har i år samla og plukka alle sorter bær, nøtter, sopp og kongler. Dei har vore sylta, tørka, knekt og foredla til dei beste retter. Og dei beste bæra har etter nøye utvalg og smaking vorte gjort til fin saft. No venter han berre på at døra skal knirke og Basmusane kjem inn.



Rommet fylles opp, og fylles av songane som basmusane har sunge i generasjonar. Tonar om Basmusane sitt liv i einsemd, og glede over å vera samla, spreier seg over heile hula. Det lyder frå Basmusane den vakraste song.



Om du ei julaftan er ute i skogen og er heldig at det er ei Basmusmessefeiring, kan du høyre han du og. Korleis høyrer det ut? spør du. Det høyrer ut som hundre hundeflyter spelar på ein gong.



Mumle Basmus har i år gjort seg ekstra flid for å overraske det lystige selskapet. Han har fylt ein sekk med godbitar. Brent svor, kokt ost, fritert sjokolade og ikkje minst Basmusane sin favoritt, flambert is overstrødd med grevlingværhår. Dei er alle gode og vanskelege rettar som skaper stor begeistring. Mumle ser seg nøgd rundt.



Stemningen er god. Dette vart slik han ønska, minnerikt. Det gleder han at han har eit lite kort i erme til. Han smyg seg ut og hentar ein pakke til. Dei opner opp og finn tipp tipp grandonkel Putter. Og Mumle gir han pelsen tilbake. Tårene triller på alle Basmuskinn og dei stemmer i den gamle Basmusmesseklassikeren som får varme i Basmushjarte og verk i hundeyre.

Og med det god jul
og god basmusmesse
til dykk alle!



Juleaften

Av Bente Bratlund

Det var julafta. Veslejenta var rundt fire år gammal, og dagen hadde vore lang og full av forventning. Treet sto der pynta og glitrande med dei mange lysa. Og under treet låg pakkene, enno uåpna.

Maten hadde dei fått i seg, først hadde det vore tomatsuppe med egg, så pinnekjøtt, og til dessert riskrem. Det beste ho visste, men det var så ulideleg lenge å venta til dei vaksne var ferdige.

Og så ville mor rydda av bordet og vaska opp før det store skulle skje. Pakkeopninga. Det ho hadde venta på heile dagen.

Veslejenta sat i stova framfor treet, og det skein både frå treet og i augo hennar. Snart, snart.

Far og bestefar sat med kvar si pipe. Slik var det den gongen.



Medan mor og bestemor styra på kjøkkenet.

Endeleg var tida der, då alle fem var samla i stova. Far og bestefar i kvar sin stol, mor og bestemor ved stovebordet. Og veslejentane som ikkje hadde ro på seg til å sitja, for no, no var tida der då pakkene skulle bli opna. Far skulle lesa kva det sto på merkelappene og veslejentane skulle få dela ut.

Då ringde det på døra.

Alle såg på kvarandre. Kven kunne dette vera, ei julafta? Dei venta ingen.

Bestefar reiste seg og gjekk ut for å sjå kva som sto på, og like etter kom han inn i stova følgd av ein kar veslejenta aldri hadde sett før. Karen var fillete kledd og slett ikkje fjelga til nokon julefest. Han hadde dag-gamle skjeggstubber og lukta så rart. Men ei julafta er alle gjestar Gud sine utsende, så karen fekk plass ved stovebordet, der han sette seg ned. Han fekk seg ein kopp kaffi og nokre julekaker, og utdeling av pakker måtte venta, for dei vaksne tok også kaffi og kaker saman med karen. Men dette var så spanande at veslejenta gløymde alt anna enn denne uventa gjesten.

Ho forsto ikkje mykje av det



dei vaksne snakka om, men gjesten blei vel traktert, og han sat der og gret og takka. Aldri hadde vel veslejenta sett vaksne folk gråta før, så ho blei storleg forundra og gjekk like bort og strauk gjesten over handa.

Men så, endeleg, kom pakkeutdelinga. Og då gløymde jenta alt for dette spanande og store. Pakke etter pakke blei opna og delt ut, og alle takka og var blide. Det var jul som det skulle i ei stove, med lys og varme og glede.

Bestemor stakk ut eit ærend og kom tilbake, og då var det jammen ein pakke til gjesten også. Eit par strikkesokkar bestemor hadde strikka til bestefar men som enno ikkje var brukte. Og gjesten takka og gret endå litt til.

Så tok han fram frå lomma ein brun og slitt pengepung. Han snudde pungen og ut dryssa ei handfull små kopparpengar. Eitøringar, og eit par toøringar var det også. Og så tok han handa til veslejenta og la det alt i den vesle handa hennar. Og der sto ho med handa full av små skattar.

«Det var ikkje mange øra det», sa bestefar då gjesten var gått og han fekk sjå skatten til veslejenta. Men for henne blei det eit minne for livet.

«Han gav alt han hadde», sa bestemor.

To ting tok veslejenta med seg for livet vidare. Ein julegjest skal takast vel imot same korleis han er kledd og ser ut og luktar. Han er eit under som blir gitt ein uansett. Og tel aldri verdien på ei gåve i kor mykje ho kostar, for kanskje var dei eittøringane og tøringane veslejenta fekk den jula den største gåva ho nokon gong har fått. For kan nokon gje meir enn alt dei har.



Julenatt i bokhylla.

Av Vidar Bratlund-Mæland

Ein kasse dekkja med støv står i hjørnet på loftet. Eg har ikkje sett i han på lenge. Eg løfter av lokket. Det kitler i nasen og eg må hoste litt.

Der nede ligg det. Ei nisselue, eit rufsete skjegg, ei grå vadmelbukse og ein nissejakke som har sett sine beste dagar.





Det er stille i huset. Eg smyg alt med meg ned. Eg forsikrer meg om at alle søv, så prøver eg det på. Ikkje ulikt andre nisser, er eg ikkje blitt mindre med åra, men for ein gongs skuld gjer det ikkje så mykje att Nissens mage er blitt større. Eg går inn til bokhyllene og blar litt i blada. Her er det 30 år med julehefte, teikneseriar og slitte bøker. Dei hentar alle fram minne, og dei fleste er lest til filler. Eg tar med meg ein Finbeck og Fia og kryp inn i bokhylla og legg meg godt til rette. Det er det næraste eg kjem eit hemmeleg rom. Då eg var liten laga eg hytter av kasser, puter og andre ting eg fann. Til og med under senga var eit hemmeleg rom. I dag må eg kle på meg bilen og må passe på å ikkje snu meg for fort på kjøkkenet, slik er det blitt med åra. Eg blar, men kjenner augo glipper.



Eg kvepp til og må tørke slev fra haka og dobbelsjette at det ikkje er drakar i historien. Eg blar vidare. Eg kjemper lika mykje med å halda meg vaken. Eg begynner å lure på kvifor eg valgte Finbeck og Fia og ikkje Pondus. Eg har alltid likt spesielt godt julenummera med mammaen til Jokke og lille Gunters merkelege julefeiringer. Eg vakner igjen av at eg har velta eit glas vatten over meg. Eg lurar på kvifor eg tok med meg eit glas vatten inn i bokhylla.



Eg lukker att bladet og bestemmer meg for at det er tid for å leggje meg. Det er tross alt julafta i morgon. Eg reiser meg opp, eller eg trur eg gjer det for plutseleg vakner eg at av at nakken ligg forkjært. Eg sett meg opp, ruller meg over og kryper ut av holet i bokhylla. Eg undrer meg litt over at katten sit og speler kort med nokre mus på golvet. Det heile verker så naturleg. Det er ikkje før den eine seier at eg skugger for lyset at eg oppfatter at dette også er ein draum, og eg begynner å kjempe for å vakne.

Då eg endeleg klarer å opne det eine auga, kiker eg ned på klokka. Ho viser 02.45. Eg sjangler inn på badet og tar av meg nisse-drakta. Eg kjem til å tenkja på kvar eg gjorde av Finbekk og Fia bladet. Eg får ikkje svar, for akkurat då høyrer det skritt på taket og knirking.





Eg kjem til å tenkja på at eg pleide å leggja meg under juletreet for ikkje å gå glipp av nissen, men likevel vakna eg kvar julemorgen i senga, og under treet var det pakker og julehefter til ventetida. Eg tenkjer at nissen må vera sterk for å bera meg i seng i dag. Eg lister meg tungt opp trappa og slengjer meg på senga og sovner igjen. Om 15 minuttar vil eg igjen bli vekt av unger som er klare for feiring og julafta kan ta til.

Kokosmakroner

4 stk eggekviser
200 g sukker
1 ts vaniljesukker
200 g kokosmasse

Varm steikeovnen til 180 °C
Visp eggekvisene lett saman i ein kasserolle.

Bland inn sukker, vaniljesukker og kokosmasse.

Varm på lett varme til deigen er grauttjuk.

Lag topper av kokosmassen med to skeier på steikebrettet.

Steik kakene midt i ovnen i ca. 10 minutt til dei er gylne.

Avkjøl på rist og smak på kakene.



Julekaker må til. Og den enklaste sorten er kanskje kokosmakroner. Denne kaka finnest i mange varianter. Dette var den fyrste julekaka eg lærte å lage. Eg håper de og vil ha glede av den!

Om du synest dette er vanskeleg, er det berre å spørja ein vaksen om hjelp.

Stjerna

av Bente Bratlund

Av alle dei mange stjernene
som glitrer og skin
så veit eg kva som
er den finaste stjerna

Det er du

Av alle lysa vi tenner
mens vi ventar på jul
så veit kva lys eg
helst vil sjå

Lyset i augo dine

Du





God Jul

Juleheftet er gitt ut i samarbeid med:

*Jernia, Sælen,
Cold Cat,
Os kommune*

Epiphany Bøker 2017 ISBN 978-82-93330-15-8

Meir om julehefta på www.epiphanyboker.no

<https://www.facebook.com/julistovo>